

Bok

OMTALE
av Mette BlekenHvitt hav
Roy Jacobsen
Cappelen Damm

INGRID VENDER tilbake til Barrøy, sin barndoms øy, i denne

Fiksjon og fakta om oss

nydelige og spennede, men og triste, oppfølgeren til suksessen De usynlige.

Jacobsen er en bunnsolid forfatter med innsikt i og kunnskap om både psykologi og mer utvendige og praktiske ting. Det er vanskelig å slippe folket på Barrøy, et sted på Helgelandskysten - og skjebnene han levendegjør for oss. Jacobsen gir oss fiksjon ispedd fakta - og historien om vår

nære fortid. I Hvitt hav bygger han også inn en nesten ukjent del av krigshistorien. Vi er å året 1944.


Jacobsen er en ordets mester. Han maner frem bilder, lukter, stemninger og følelser. Vi er med; på land, til havs og innomhus. Både De usynlige og Hvitt hav må friste filmskapere overmåte. Lerretet er stort - og levende som havet - som gir og tar. Vennlig, rått

og brutalt.

Her er lykke og glede, angst, frykt - og store doser slit. Men man gir seg ikke over. Man står han av. Både når det gjelder det synlige og det ikke alltid åpenbare. Slik var livet for mange langs kysten - for ikke lenge siden.

I Hvitt hav nøstes historien opp - og brettes ut, lag for lag.

Takk, Roy Jacobsen.

Dramatikk,
sorg og glede

Julehefte

OMTALE
Av Ernst OlsenOdda Mållag
«Odda i manns minne Nr. 24»

2015 MARKERER eit jubileum både for åttatet på Noreg i 1940, og freden fem år seinare. Årets utgåve av Odda i manns minne inneheld mykje interessant stoff frå okkupasjonstida - frå kvardagslivet til meir dramatiske hendingar. Her er fleire augnevitneskildringar frå det brutale tyske bombeangrepet mot Odda i april 1940. I tillegg er det ein fyldig oversikt over forsvarsverka som vart reist av okkupasjonsmakta under krigen, samt at ein minnest den modige innsatsen til dei som tok imot flyslepp frå England. Frå mai 1945 kan ein lesa om det fyrste norske flagget som vart heist over Odda etter at freden var eit faktum, og ikkje minst den yrande folkefesten på sjølve frigjeringsdagen.

DET TRADISJONSRIKE juleheftet frå Odda Mållag er alltid rik på gamle avisannonsar, som fortel ein heil del om samtida. Like etter freden var det mangel på ei rekke varer, og byttehandelen blomstra. Dette er godt illustrert i ei annonse frå ein mann som ønsker seg lys sommarbukse og nye sykkeldekk, i bytte har han tobakksblad.

«Ein nikotinhungrig lesar svarte kanskje på denne annonsen», står det i nr. 24 av Odda i manns minne.

FLAUMENS HERJINGAR sist vinter øydela Opo slik vi hugsar den. I «Tankar om Opo og Odda Jakt- og fiskelag etter flaumen 2014», spør Oddmund Eitheim om fiskeinteresserte oddingar kan fiska laks og sjøaure i Opo i framtida. Artikkelen hans er og eit nostalgisk tilbakeblikk på fiskehistoria i elva som renn



gjennom Odda - frå flugefiskar Henry Boyd kom til Odda i 1875 og fram til teig 13 vart teke av flaumen sist haust. I tillegg til denne artikkelen er det og funne plass til ein dramatisk fiskehistorie, som byrjar ved teig 5 i osen og sluttar lenger ute i fjorden.

Eit anna artig innslag er historia om bustadblokka Bygdarbøen 13-17, eller «Sing-Sing» som ho blir kalla på folkemunne. Bjarne Storhei fortel om oppveksten i blokka, der faren var vaktmeister, noko som førte til at dei fekk telefon i leilegheita. Han meiner det var den einaste telefonen i «Sing-Sing» til utpå 1960-talet.

«Me måtte gå med telefonbeskjed både seint og tidleg. Det var også stor tilgang på folk som måtte låna telefonen. Men det var sjølvstekt slik det skulle vera», skriv Storhei.

Frå nyare tid er det eit kapittel om den store folkeaksjonen som oppstod i Tyssedal etter at Stortinget hadde sagt nei til ny aluminiumsfabrikk sommaren 1982. Velforeininga «Leve Tyssedal» vart skipa og

skulle jobba for å redde Tyssedal som livskraftig lokalsamfunn, samt gjera det til ein god og trygg stad å leva. Unge tyssedølar i dag vil sikkert finna mykje inspirasjon i denne historia.

I tidlegare omtalar av Odda i manns minne har HF etterlyst meir stoff frå 1970- og 1980-talet, som kanskje kan bidra til å rekruttera fleire «yngre lesarar», men og denne utgåva er fyrst og fremst retta mot dei godt vaksne. Dersom trenden held fram, kan ein om nokre år verta freista til å kalla heftet for «Odda i gammal manns minne».

HISTORIEINTERESSERTE

ODDINGAR i alle aldrar vil likevel finne glede i alle dei artige historiene - ispedd gamle bilde, annonsar og avisfaksimilar. Odda i manns minne vil garantert verta ei populær julegave. Det lokale mållaget har nok ein gong levert eit innhaldsrikt og underhaldande historisk produkt.

Sett frå oppløpssida

Bok

OMTALE
Av Mette BlekenGodt vaksen
Kvinnheringar fortel og reflekterer over livet
Kristian Hus (tekst)
Kristian Børje Hus (foto)
Multipleks design

GODT VAKSEN er eit godt prosjekt. Forfattaren har fått 12 kvinnheringar over 90 år i tale. Dei fortel om livet før - og no, reflekterer over samfunnsutviklinga og store og små ting. Dei bur i både utkant og sentrale strom, og har ulike arbeids- og familieliv bak seg.

Godt vaksen er eit dokumentasjonsprosjekt, der far Kristian står for tekst, sonen Børje for foto og design. Portretta er gode, og bilda som følger dei einskilte samtalan, er talande.

Intervjuobjekta (dei fleste fødte i Kvinnherad) fortel alle om arbeidssomme og til tider slitsame liv. Raude trådar i dei fleste av intervjuar er arbeid, takkemd, mange minne - og gudstru.

Frå Rogdo. Valborg Vikane

fødd og oppvaksen på Rogdo i Ullensvang. Ho og mannen Olav kjøpte gard og flytta til Ølvestveit i Åkra 1950. Ho fortel levande om oppveksten i klyngetunet og med fleire generasjonar i same hus. Og minnest roturane over fjorden til Børve og så seks kilometer på føtene til Lofthus for konfirmantundervisning. «Hadde vi hatt ein brøkdell av det vi har i dag då vi trong det som mest, ville livet sett annleis ut», konstaterer ho.

Tre kvinnheringar i ulike livsfasar har skrive kvar sitt essay med ulike innfallsvinklar til tema «godt vaksen». Eit lurt grep i boka som er viktig (lokal) dokumentasjon om ei tid som ikkje lenger er. Boka er viktig, men mest givande for lesarar som kjenner til dei utvalde intervjuobjekta.

Forfattaren går i tankar om eit tilsvarande prosjekt for Odda og Ullensvang.

Inspirerende kultur

Bok

OMTALE
av Mette BlekenSkandinavian folklore II
Laila Durán Duran Publishing

LAILA DURÁN har levert solid og interessant kulturhistorie med sine tre bøker om Skandinavian folklore. HF har tidlegare omtalt bind I og III. Også bind II fokuserer på svenske og norske folkedraktar - og bruken til hverdags, fest og høytid.

Norske Ann Kristin Moe har skrevet tekst om flere av de norske bunadene. Hardangerbunaden er en av draktene som er med fra Hordaland.

I tillegg til generell informasjon om draktene, symbolbruk og detaljer, settes ting inn i historisk perspektiv - og i lokal sammenheng.

Durans folkedraktverk er kulturhistorie og dokumentasjon. Og for noen bilder! Hun er forfatter og fotograf, og vet å plassere modellene i rett miljø og tema i perspektiv. Dette er inspirerende innblikk i husflid, håndverk, og i skikker i fortid og nåtid.

Bøkene er ren nytelse og estetikk - men og oppslagsverk og inspirasjonskilde med sine mange foto - også av detaljer.

Det handler om identitet og sammenheng. Durán viser vei til mangfoldet.